



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/1121-2

Sakshandsamar: Finn Arne Askje

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap Kommunestyre	29.10.2025	75/25

Stønad til førebuing av Dalsmarken

Saksframlegg godkjent 20.10.2025.

Åge Verpe

Kommunedirektør

Knut Erik Paulsen

kommunalsjef plan, næring og kultur

Vedlegg

- 1 Rapportering årsrekneskap 2023
- 2 Resultatrapport 2024 - signert
- 3 Førebels rekneskap 2025
- 4 Søknad om stønad til Dalsmarken.pdf

Bakgrunn for saka

Komiteen for Dalsmarken har sendt søknad på 300 000 kr som er same støtte dei har hatt dei tre siste åra. Søknaden syner til driftsresultat i 2023 på 155 000 kr og 2024 er det underskot på 35 000 kr og eit overskot på 396 000 kr i 2025. Utan støtte frå Tokke kommune ville underskotet (negativt driftsresultat) for desse tre åra vore 322 000.

Kommunestyret gjorde i sak 89/22 eit slikt vedtak:

«1. Tokke kommune løyver kr 300 000 til gjennomføring av Dalsmarken kvart år i ein periode på 3 år frå 2023 – 2025. Summen blir lagt inn i budsjett og økonomiplan.

- 2. Kommunedirektøren blir oppmoda om å gå i dialog med Dalsmarken for å hjelpe til med administrative ressursar til førebuing og gjennomføring av arrangementet.*
- 3. Kommunale areal som blir stilt til disposisjon for arrangementet skal vere gratis.»*

Saksutgreiing

Dalsmarken er eit viktig arrangement i Tokke med lange tradisjonar. Historia kan sporast heilt attende til 1711, då det var hestehandel. I 1967 blei arrangementet med salsboder osv. etablert.

Dei største endringane som har skjedd frå tidlegare tider til no er dyreutstilling av produksjonsdyr (bortsett frå hest), i nyare tider er utstilling og bedømming av husflidprodukt falle bort.

Arbeidet med å planlegge og gjennomføre Dalsmarken er basert på dugnadsinnsats. Kommunedirektøren er imponert over den innsatsen komiteen gjer.

I tidlegare drøftingar om stønad til Dalsmarken, har det for kommunestyret vore viktig å ha gratis inngang til området. Komiteen for Dalsmarken har same synspunkt som kommunestyret. Gratis inngang medfører tapte inntekter på 100 000 – 130 000 kr.

Kommunedirektøren syner til rekneskapsresultata dei siste tre åra og meiner komiteen må belage seg på å ha større kontroll på kostnadssida. Det er likevel frå kommunedirektørens side forståing for at det er mange faktorar som påverkar overskotet/underskotet det enkelte år som ligg utanfor komiteen sin påverknad (eks. været).

Tokke kommune har vore pådrivar for å fjerna inngjerding av marknadsområdet og at ein ikkje har inngangsbillettar. Ein ser at det medfører eit inntektstap. Kommunedirektøren meiner at det heilt eller delvis bør kompensast.

For Tokke kommunen er satsing på landbruksbasert næringsutvikling viktig. Det utgjer både jord- og skogbruk.

Nokre lag og organisasjonar, blant anna skogeigarlaget, Bondekvinnelaget har ulike stand ol. på Dalsmarken no.

Kommunedirektøren meiner det som ei prøveordning i 2026, bør få landbruket og skogbruket attende på Dalsmarken i større grad enn det er i dag. Gjerne at ein tek opp att tradisjonar med dyr. Ein vonar det kan få positive ringverknader for næringa.

Konklusjon

Kommunedirektøren meiner ein kan respondere på søknaden ut frå to innfallsvinklar:

- I. Kommunen gjev ein stønad for å dekke inntektstapet til Dalsmarken med og ikkje ha inngangsbillettar. Det kunne skje med eit årleg tilskot på 100 000 kr pr. år dei neste to åra.
- II. Kommunens økonomi er stram og søknaden må avslås.

Som vedteke i 2022 vil det vere rimeleg at Dalsmarken disponerar kommunens grunn vederlagsfritt.

Tokke kommune tek ansvar for at landbruk/skogbruk i større grad «kjem attende» som del av Dalsmarken. Viktige samarbeidspartar vil vere Bygdekvinnelaget, Bondelag, Bonde og småbruklag, skogeigarlaget, birøktarlag, Sau og geit, Mattilsynet (husdyr), leverandørar av husdyrprodukt, TYR osv.

Ved ei oppgåvedeling vil det største arbeidet for PNK vere å koordinere planlegginga og delta i gjennomføringa.

Ein må pårekne ein del kostnader til gjennomføringa (grindar, telt osv.)

Kommunedirektøren føreslår inndekning frå støttemidlar til landbruket (– ramma til tildeling av midlar etter landbruksplanen).

Kommunedirektørens tilråding

Under føresetnad at ein ikkje tek betaling for inngang på Dalsmarken, gjev Tokke kommune eit tilskot på 100 000 kr i 2026 og 2027.

Inndekning frå ramma til planområde 4 (ramma aukast i budsjett 2026 og økonomiplan 2026 – 2029).

Kommunale areal som blir stilt til disposisjon for arrangementet skal vere gratis.

Tokke kommune planlegg og deltek saman med andre aktørar, for å ta opp att landbrukstradisjonen som del av Dalsmarken i 2026.

Kostnader blir teke av «støttemidlar» for landbruket.